



## MEDLEMSBREV NR. 2 – 2017

**Kjære medlem,** [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) er alltid oppdatert, men sidan ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet er på nett, deler styret aktivitetane i selskapet også på gamlemåten, her andre halvår 2017.

### Aktivitetar andre halvår 2017

#### Prosjekt ”Digitalisering av Sletto-arkivet”

Som i fyrste halvår 2017 pågår arbeidet for fullt, og det er dette prosjektet styret prioriterer i 2017, og den delen av år 2018 som trengs for å bli ferdig. Mykje er no ferdig digitalisert, men meir er att. Slettos taletema, brev frå Alf Larsen til Olav Sletto, mange brev frå kjende folk med meir er ferdig. Sletto som skulemann blir det arbeidd med. I saga om kjærleiken mellom Olav og Karin Sletto, er vi no komne fram til 1914. To ungar er fødte i Vesleheimen, Vollen i Asker, og Olav er på taleferder alle haustar, vintrar og vårar. Karin er heime med ungar og pige. Somrane er han heime og skriv. Dei er i konstant pengenaud, sjølv om han tener godt på taleferdene sine og sel mange av bøkene sine på dei.

#### Vollen historielag

Eva Almhjell er medlem av Vollen historielag og samarbeider med styret der om ein artikkel Vollen historielag har bestilt til eit årshäfte. Stader som er nemt i brev, og i Olver-bøkene blir plotta inn på kart frå den tida Slettos budde i Vollen, og våren 2018 skal Eva Almhjell halde foredrag om Slettos tid der (1912-1917). Ho har også hatt gleden av å snakke med Randi Pedersen og Tor Finstad i Asker, som begge budde i Vesleheimen i mange år. Randi Pedersen gjekk bort hausten 2017.

#### Leveld Kunstnartun og Olav Sletto-selskapet

Som vi nemnde i medlemsbrev nr. 1/2017, har Leveld Kunstnartun og Olav Sletto-selskapet innleidd eit samarbeid om å hente gode ord frå Slettos forfattarskap som kan pryde låveveggane i Leveld. Dette prosjektet må stille seg i kø, for no er det transkriberingane vi prioriterer! Men orda kjem!

#### Kjerringtorget 2017 på Nesbyen

Olav Sletto-selskapet viste seg fram og to kjeringar frå styret fortalde om Olav Slettos liv og diktning, og selde bøker og hefter for meir enn 6000 kr. Mange trivelege kjeringar, både i salsbodene og blant publikum. Folk handla og sola skein uhemma frå skyfri himmel. Styret har bestemt at Olav Sletto-selskapet blir med på Kjerringtorget 2018 også.

#### OLAV SLETTO-DAGEN 2017

Meir enn 50 dedikerte folk var samla i Veslesalen i Ål kulturhus laurdag 21. oktober 2017. Det vart ein halvdag me seint gløymer. Og for å sitere Olav Sletto sjølv etter ei tale han held i Trøndelagen hausten 1913: Folk var nøgde. Klappinga ville ingen ende ta! Meir om Olav Sletto-dagen 2017 kjem i Årshäfte 2018. Sjå også [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### Medlemmer

Olav Sletto-selskapet kjenner til at eit av våre medlemmer, Einar Tufte, har gått bort det siste halvåret. Minneord er publisert på <http://www.olavslettoselskapet.no> Vi gler seg over at nye folk melder si interesse for Olav Sletto-selskapet etter OLAV SLETTO-DAGEN 2017.

#### Medlemskontingenten 2017 - 200 kr.

Kontingenten er sjølve grunnfjellet i selskapet. Tusen takk for den støtta frå vel 80 medlemmer! Alle kan ha godt samvet for innbetalte årspengar for 2017!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### God seinhaust!

Etter ein fargesprakande haust har naturen i fjellet gått i svart-kvitt. Vi ynskjer alle våre medlemmer ein seinhaust med lun varme innandørs, om vëret ute er noko ruskut!

Vi høyrer gjerne frå dykk: [eva.almhjell@gmail.com](mailto:eva.almhjell@gmail.com)

Tønsberg, 25.10.2017/EA.